

27

spørsmål og svar

(våre svar på nokre typiske
innvendingar folk har mot
vår politikk eller det dei
trur er vår politikk.)



UTGITT AV

Rød ★ Ungdom

BOKS 610. SENTRUM OSLO 1.

kr. 5,-

1. "Sjå korleis dei har det i Sovjet....
2. "Kva med Kina då....
3. "Kommunisme er bra i teorien,men.....
4. "Vi har det godt i Norge....
5. "Blir det noko betre av at staten overtek....
6. "Det ville bli diktatur....
7. "Skal ikkje folk som har bygd seg opp....
8. "Men de vil då ha v pna revolusjon.
9. "....og om naudsynt g  til krig....
10. "De berre skremmer folk....
11. "Eg er lei alle desse -ismene...
12. "No er visst USA vorte s  bra...
13. "De berre pukkar p  SV...
14. "De er umoglege   samarbeide med...
15. "De er d  i mot alt..
16. "De berre krev og krev...
17. "Og alt dette hemmelegheitskremmeriet...
18. "De er berre ein gjeng voldsromantikarar....
19. "Det er s  mange uavklarte sp rsm l om sosialismen..
20. "Det er meiningssensur i Raud Ungdom....
21. "Demokratisk sentralisme,det er eg mot...
22. "Kvifor ikkje bli meir menneskelege....
23. "Kvifor ikkje gje blaffen og satse p  eit bra liv...
24. "Er det nokon vits i   vera organisert...
25. "Eg jobbar i ein front...
26. "M  eg ikkje forsake j vla mykje....
27. "Eg m  l re meir fyrst....

+++++


Denne argumentsamlinga er ikkje diskutert i noko organ i Raud Ungdom,og st r difor for forfattarane sitt eige syn. P  mange av sp rsm la som vert teke opp har heller ikkje Raud Ungdom noko programfesta syn.

Svara m  ikkje oppf ttast som facitsvar. Nokre svar er ogs  mangelfulle, andre vil du kanskje meine er mangelfulle og d rlege. Om du har kritikk s  vil vi gjerne h yre den.

- forfattarane -



Hver dag, hver time, d r mennesker av sult i den tredje verden. Hver dag, hver time, d r en frigj ringssoldat av supermaktens kuler og granater. Hver dag, hver time, merker ungdommen i Norge den menneskefiendtlige kapitalismen, -  kende arbeidsl shet, natur deleggelse, manglende bevilgninger til ungdoms sektoren, og et vedvarende mote og statusjag. Vi som er unge m  velge: enten leve med samfunnet slik det er, hver dag, hver time, bite undertrykkings og skuffelsen i oss. Eller vi kan ta opp kampen mot urett, og for forbedringer, for et nytt og bedre samfunn. Skal vi gj re v rt for at generasjonene etter oss skal f  et mer menneskeverdige liv p  denne kloden? **Skal vi sl  tilbake?**



Er det nok m uer kan de spise en orm. Er folkeh ren sterk nok sl r den imperialismen.

1. "SJÅ KORLEIS DEI HAR DET I SOVJET, ER DET SLIK DE VIL HA DET ?

Etter vår meining er det ikkje sosialisme i Sovjet, og det er ikkje eit kommunistisk parti som styrer der. Når vi skal finne ut om det er det sjølsagt ikkje vits i å sjå på kva dei sjøl seier. Vi må sjå på kva dei gjer, på praksisen deira. Så må vi samanlikne den med den kommunistiske læra, med teorien. Og gjer vi det ser vi at Sovjet bryt den på dei aller viktigaste punkta. Døme: okkupasjon av andre land, beinhard undertrykking av arbeiderklassen og alle opposisjonelle i landet, økonomisk utbytting av m.a. landa i Aust-Europa.

Raud Ungdom/AKP(ml) har alltid vore mot Sovjet. Faktum er at vi voks fram på m.a. motstand mot Sovjet. Den nye ml-rørsla i Norge oppstod som eit brot ut av Sosialistisk Folkeparti, no SV. Og eit viktig spørsmål i dette brotet var synet på Sovjet. Vi meiner at Sovjet ein gong har vore sosialistisk, men at det i dag er borgerskapet som har makta. Det har skjedd ein kontrarevolusjon.

Vi er og dei mest iherdige motstanderane mot Sovjet. Dette syner seg t.d. ved at det er vi som alltid har gått i spissen for å markera motstand mot slike ting som Sovjet okkupasjon av Tsjekkoslovakia, Sovjet sine overgrep mot Eritrea, deira frekke framferd på Svalbard, gråsoneavtala som ga vekk store norske havområder, og sist men ikkje minst har vi gått i spissen for å reise motstanden mot invasjonen i Afghanistan og mot unntakstilstanden i Polen.

For 5-6 år sidan var vi åleine om å peike på at Sovjet var ute etter verdsherredøme og at det var stor fare for ein verdenskrig. I dag er det mange som meiner dette.

Dersom vi greier å prove for deg at Sovjet ikkje er sosialistisk eller kommunistisk ; ville du støtte kommunismen då?



Fra Faglig I. mai-front demonstrasjon i Oslo, 1980

2. "KVA MED KINA DÅ? ER DET BETRE?"

Ja, Kina er eit mykje betre land enn Sovjet. Ingen bør tvile på at sosialismen har betydd mykje for kineserane. Dette ser ein godt ved å samanlikne Kina med India. Dei var nokså like før. I dag er det enorm skilnad.


Men du kan ikkje utan vidare samanlikne Kina med Norge. Kina er eit fattig land. Dei har difor ikkje råd til å ha så høg levestandard som vi. Vi er eit høgt utvikla industriland med heilt andre kulturtradisjonar. Dette tyder sjølsagt at vi med vårt utgangspunkt måtte få ein sosialisme med ein heilt anna utsjånad.

Tidlegare hadde vi ein tendens til å støtte og forsvare alt som skjedde i Kina. Vi har innsett at dette er feil. I dag er vi allment meir kritiske og også skeptiske til mykje av det som skjer.


3. "KOMMUNISME ER BRA I TEORIEN, MEN GÅR DET I PRAKSIS?"

Kvifor ikkje? Slik vi ser det så er det berre to vegar å gå, anten kapitalisme eller sosialisme og kommunisme. Kapitalismen er jævlig både i teorien og i praksisen. Kvifor skal vi ikkje prøva den andre vegen?

Men dette er ikkje berre eit spørsmål om kva vi subjektivt vil. Den historiske utviklinga syner oss at før eller seinare vil folk gjere opprør mot undertrykking, og til slutt vil sosialismen sigre. Verkelegheita syner oss at den økonomiske utviklinga tvingar fram samfunnsmessig kontroll og eigendomsrett til **produksjonsmidlane**. Dette skjer fordi kapitalismen heile tida skapar hungersnaud, kriser og krig. Borgerskapet er på sikt berre ikkje i stand til å styre Norge eller verda på ein fornuftig måte. Sosialismen vil tvinge seg fram uavhengig av vår vilje. Å byggje sosialismen og utvikle den til kommunisme vil sjølsagt vera ei vanskeleg oppgåve og det vil bli gjort mange feil, men som sagt; kva anna alternativ har vi ?



og:



4. "VI HAR DET GODT I NORGE SLIK VI HAR DET".

Jau, vi har det godt i forhold til mange andre land, t.d. u-landa. Men ein av grunnane til at vi har det såpass bra er at Norge utbytter land i den 3.verda. Dette er urettferdig, og vi kjempar mot det. Når det er sagt trur vi og det er grunn til å spørje seg om vi eigentleg har det så bra her i Norge. Er ikkje det blitt litt av ei myte? Kva med at vi har ei temmeleg stor arbeidsløyse og at det blir verre og verre for ungdomen å få seg jobb? Eller at gamle folk dør i leiligheitene sine i store byar medan dei ventar på plass på pleieheim? Eller at den økonomiske krisa brer seg slik at det mest kvar dag er folk som misser arbeidet sitt. Elendige tariffoppgjer som gjer at folk går ned i løn. Nedskjering på helse- og sosialsektoren. Forjævlingsringa av forholda for ungdomen. Rasering av natur og miljø. Eller kva med at ca. 50% av norske husmødre går på nervetablettar!? Det burde vera forbi med glansbildet av "velferdsstaten" Norge.

Dessutan ser det ikkje så lyst ut i framtida. Dersom kapitalistane får det slik dei vil, så kan det vera sikker på at det vert atskillig fleire fattige folk i Norge. Difor må vi slåss mot kapitalismen sjøl om den i Norge i dag verkar idyllisk i forhold til kapitalismen i andre land.

Det er feil å sjå på Norge isolert. Vi er ein del av ei kapitalistisk verd, m.a. importerar vi ca. 40% av det vi brukar. Utviklinga av verds kapitalismen er såleis bestemmande for utviklinga av kapitalismen i Norge. Dersom kapitalismen i verds målestokk er liv laga er utvilsomt kapitalismen i Norge det og. Men vi har ingen tru på at kapitalismen i verds målestokk vil overleve. Trur du det?

5. "BLIR DET NOKO BETRE OM STATEN OVERTEK ALT DÅ? SJÅ PÅ NSB t.d."

Det vert ikkje noko sosialisme av at staten tek over. Vårt syn er at staten ikkje er nokon nøytral stat. Den er eit reiskap til den klassen som har makta. I dag er det kapitalistane som har makta. Difor betyr statsovertaking i dag stats kapitalisme. Det er ikkje nokon stor skilnad på det og privat kapitalisme i prinsippet. Arbeidarane vert like hardt utbytta. Statsbedriftene har også maksimal profitt som mål for produksjonen, dei opererer på eit kapitalistisk marked, og konkurrerer om arbeidskraft, råvarer og marked som dei private.

Når det arbeidande folket har teke makta i samfunnet og bygt opp sitt eige statsapparat og brukar makta si til å innføre sosialistiske produksjonsforhold (planøkonomi, produksjon etter behov m.m) så stiller dette seg sjølvsagt på ein annan måte. Då må staten eige i alle høve dei viktigaste produksjonsmidla.

6. "DET VILLE BLI DIKTATUR OM DE FEKK MAKTA, BERRE EIT PARTI, ALLE LIKT KLEDD !"

Både ja og nei. Vi meiner at det er naudsynt med eit temmeleg strengt diktatur over dei tidlegare makthaverane slik at dei ikkje greier å rane til seg makta att. Men for det arbeidande folket, for dei intellektuelle, for det store fleirtalet vil det bli demokrati. Eit mykje meir omfattande demokrati enn det skinndemokratiet vi har i Norge i dag. Til dømes meiner vi at det bør vera mogleg for arbeidarane på ei bedrift å avsetje bedriftsleiaren og velje ny dersom han handlar mot arbeidarane sine interesser.

Har vi sagt at det ikkje skal vera lovleg med fleire parti under sosialismen i Norge? Nei. Vi kan ikkje sjå at det skulle vera noko i vegen for at folk fritt skal få danne dei partia dei vil, då sjølsagt med unntak av nazistiske, rasistiske parti og organisasjonar .

Mange tykkjer det ser grått ut at folk går likt kledd i Kina, det verkar kjedeleg og udemokratisk. No er ikkje bildet fullt så eintydig som dette, men uansett må vi hugse på at Kina er eit fattig land. Her i landet vil det sjølsagt ikkje bli slik. Når det er sagt vil vi og få fram at vi oppfattar det slik at det vil vera rett å skjera ned mykje på overflod og vanvittig motepress og satse meir på fornuftige kle med god kvalitet.

7. "SKAL IKKJE FOLK SOM HAR BYGD SEG OPP MED TO TOMME HENDER FÅ SITTE?"

Det er tull å tru at det går an å bygge seg opp med to tomme hender. Ingen har gjort det. For å byggje seg opp ei bedrift må ein nemleg ha ei viss mengd arbeidarar. Det er desse som byggjer opp det meste - det er dei som skaper verdiane.

Arbeidarane får berre betalt for ein del av dei verdiane dei skaper.

Kapitalistane skaper sjøl sjeldan verdier. Han/ho "eig" nemleg berre den delen av verdiane som arbeidarane ikkje får betalt ut. Og dess meir han utbyttar arbeidarane og trampar på dei, dess lettare og fortare byggjer han seg opp.

Sjølsagt skal folk få vise initiativ under sosialismen og, men for det fyrste skal løna til ein direktør stå i eit rimeleg forhold til den jobben han gjer, og for det



VELG SIDE!

andre : ingen skal få trampe på andre for å kome seg fram sjøl.

Like viktig er det at det blir skeivt å berre spørje om nokre få skal få bruke initiativet sitt og ha fridom til å anskaffe seg bedrift etc. Når vi veit at kapitalismen tyder utbytting, arbeidsløyse, kriser og krig - og at dette skjer uavhengig av om kvar einskild kapitalist er "snill" eller "stygg" - så må vi fyrst og fremst spørje om ikkje det arbeidande folket skal ha fridom frå utbytting, kriser osv. Med andre ord : fridomen til nokre få tyder undertrykking av dei mange. Då må vi velje side. Kva side vel du?


Det er denne vi skal snu opp ned på. Då kjem det også nokon underst.....

Statbyggingen.



8. "MEN DE VIL DÅ HA VÆPNA REVOLUSJON".

Dette er ikkje eit spørsmål om kva vi vil eller ikkje. Det syner seg nemleg at ingen klasse godvillig vil gje frå seg makta. Dersom den herskande klassen kjenner seg trua så forsvarar den seg med alle middel. Dette vil mest sannsynleg skje her i Norge og. Det er faktisk ingen ting som tyder på at den norske kapitalistklassen er annleis i så måte. Døme på dette finn vi m.a. i historia vår. Gong på gong har soldatar og politi vorte sett inn mot streikande arbeidarar og folkeleg opprør. Vi har avslørt at NATO har planar for å slå ned på arbeidarar som streikar eller studentar som demonstrerar. Vi har unntakslover som gjer det "lovleg" å når som helst å innføre diktatur dersom makthavarane finn det naudsynt for å oppretthalde ro og orden.



Min bestefar, som var tilhenger av ikkevold, la seg på en jernbanelinje



Min onkel var ikkevoldelig løvetemmer



Min bror var bokser. Han ikkevoldelig var legendarisk ...

Når det gjeld dette med å bruke våpen så er du vel for å gjere det i visse høve. Det er vel rett av folket i foreksempel Afghanistan å gjera motstand med våpen? Og dersom t.d. den norske hær gjorde militærkupp, ville det ikkje vore rett å gjera motstand med våpen i hand? Eller sjå på Polen. Unntakstilstanden der bekreftar til fulle at ein avvæpna arbeiderklasse står forsvarslaus overfor makthaverane dersom dei ynskjer å knekke ein opposisjon. Erfaringane frå Polen syner at når folket krev fridom, demokratiske rettar, og i endå større grad når dei vil ha sosialisme, så svarar herskarane med terror og vold. Kampen for fridom er lenka saman med at folket er sterkt nok til å vinne. Å vera sterk nok er også eit spørsmål om militær styrke. Vi meiner det er rett å bruke og rett å forsvare seg med våpen når det vert brukt våpen mot folket for å halde det nede. Det er dette vi meiner med væpna revolusjon.

Dersom det er opp til våre ynskjer så skulle det ikkje bli løyst eit einaste skot. Men det går ikkje an å byggje på fromme ynskjer. Vi må ta utgangspunkt i røyndomen. Og den fortel oss korleis det har gått i dei landa der dei har prøvt å innføre demokrati og/eller sosialisme utana å bruke eller sikre seg med våpen. Dei har alle vorte drukna i blod når kapitalistane slo til. Døme på det er Indonesia -65, Hellas -67, Chile - 73 og no Polen -81. Vi er altså ikkje voldsfanatikarar - vi er ute etter røyndomen.

Det er mange som trur at det er Raud Ungdom og AKP som skal lage revolusjon. Det er det sjølsagt ikkje. Det er folket som skal lage revolusjonen. Når folket vil ha revolusjon vil vi prøve å stille oss i spissen for den, men sjølve kan vi ikkje lage nokon revølusjon. Til dette svarar mange at då er det no ikkje bruk for væpning, for når vi har fleirtalet så har vi fleirtalet.... - vi har då demokrati....!? Det er nettopp her problemet ligg : all erfaring syner oss at borgerskapet har ein eineståande evne til å drite i alt som heiter demokrati dersom makta deira er trua - uansett kor mange som står bak krava.



Min gudetar, misjonæren praktiserte selvfølgelig ikkevold ...



Min fetter tilhørte en ikkevoldelig gruppe ...



.. og her har De meg!

9. "DE VIL HA VÆPNA REVOLUSJON OG OM NAUDSYNT GÅ TIL KRIG FOR Å STYRTE KAPITALISMEN. MEN VIL IKKJE EIT SAMFUNN BYGD PÅ VOLD SJØL BLI EIT VOLDSSAMFUNN?"

Det kan bli det, men ikkje nødvendigvis. Dersom det blir krig vil vi sjølsagt i større eller mindre bli prega av krigens redsler - bli meir avstumpa, i større grad godta vold kanskje. Men det er vel kanskje meir sannsynleg at det vil slå ut andre vegen. Men uansett er dette berre ein av dei mange tinga vi vil arve frå kapitalismen. Kapitalismen er bygd på vold, og den forutset vold for å kunne eksistere.

Vi snakkar om klassekamp under sosialismen. Det tyder og kamp mot haldningar som egoisme, jag etter rampelyset, voldsmentalitet osv. Dette er ting vi arvar frå kapitalismen, ein arv vi alle er meir eller mindre prega av. Ein arv vi må kjempe mot uansett om vi må utkjempe ein krig eller ikkje, og ein arv det vil ta generasjonar å bli kvitt. Når vi er klar over dette er det større sjanse for å lukkast.

Ei sak til : krig er ikkje noko folk kan velje eller ikkje velje. Det er noko folk over heile verda med jevne mellomrom blir pådytta. For å få vekk kriser og krig må vi fyrst få vekk kapitalismen og imperialismen.

10. "DET ER OK DET DE STÅR FOR, MEN DE BERRE SKREMMER FOLK MED ALT DETTE PREIKET OM REVOLUSJON OG DIKTATUR".

Revolusjon tyder kort og godt samfunnsomveltning. Ingen er mot det i seg sjøl.

Diktatur tyder kort og godt at ei klasse, gruppe eller sekt dikterar samfunnet ut frå ein bestemt klasse sine interesser. Ein revolusjon kan vera bra eller dårleg, blodig eller relativt fredeleg. Eit diktatur kan vera hardt, som i Bolivia eller i Sovjet, eller "mjukt" som i Norge eller i Sveits. Eit diktatur kan og vera rettferdig og nødvendig som i Kina, eller urettferdig og unødvendig som i Norge eller i Polen. Alt etter kven som ser og kva klasse ein solidariserar seg med.

Vi kan ikkje slutte å bruke einskilte ord berre fordi borgerskapet har fått folk til å rygge unna når dei blir brukt. Vi kan godt finne andre ord der innhaldet er dekkande, men borgerskapet vil nok vite å gjera dei "farlege" og. Alt i alt : vi er for å kalle ein spade for ein spade.

1. "EG BLIR SÅ LEI ALLE -ISMENE?
KVA TYDER DEI?"

Sorry - det er ikkje vi som har laga språket. Men vi vil gjera vårt for at folk skal forstå dei ulike orda som blir brukt, sjlv om vi av og til rotar sjøl og. Kort sagt :


Kapitalisme er det vi har i dag. Arbeidarane er fråteken kontrollen over produksjonen, og målet for produksjonen er maksimal profitt. Eit anna ord for kapitalisme er borgerskapets diktatur.

Imperialisme er grovt forenkla kapitalisme på det stadiet då dei einskilde konserna/kapitalistiske landa er vorte så mektige at dei må ut av sitt eige land for fortsatt å vekse og auke profitten sin. Sosialisme er fyrste steget framover. Sosialisme er ofte vorte omtala som målet, men det er feil. Under sosialismen skal arbeiderklassen ha makta over produksjonen og målet for produksjonen skal vera å dekke behova åt folk. Men under sosialismen kan det fortsatt vera fattigdom (Kina), undertrykking og mange andre dårlege ting vi har arva frå kapitalismen. Eit anna ord for sosialisme er proletariatets diktatur.

Kommunisme er det endelege målet vårt. Eit klasselaust samfunn. Eit samfunn som ikkje er bygd på menneska si utbytting og undertrykking av andre menneske. Dette ligg langt inn i framtida, etter ein lang periode med sosialisme.

Kommunisme forutset ikkje berre at samfunnet si oppdeling av menneska i klassar er oppheva, men og at produksjonen har auka enormt i forhold til i dag for at folk sine materielle, sosiale og kulturelle behov kan bli stetta, og parola "frå ein kvar etter evne til ein kvar etter behov" kan bli realisert.

Det er uansvarlig å snakke om at folket må ta makta uten å forberede det på virkeligheten - revolusjonen.



»Vi mener at arbeiderne skal ha den fulle og hele styringsrett over bedriftene. Det mener jeg kan gjennomføres selv om man ikke endrer den formelle eiendomsretten.
(Finn Gustavsen, Dagbladet 3/9-71)

12. "NO ER VISST USA VORTE SÅ BRA...?!"

Nei, USA er ikkje vorte bra, og USA er ikkje vorte betre. USA er eit gjennområde samfunn, og er berre ute etter å mele si eiga kake rundt om i verda. Men USA er ikkje lenger så farleg som det var for t.d. 10 år sidan. Og viktigare: Sovjet er vorte mykje farlegare enn USA. Situasjonen har endra seg frå at USA var ein stor stygg ulv, og Sovjet ein liten stygg ulv, til at Sovjet er vorte ein stor stygg ulv, og USA ein mindre stygg ulv enn Sovjet.

Det vert av og til sagt at vi stør USA, og vil samarbeide med USA. Dette er løgn. I dag er det Sovjet som er mest aggressiv og som går fram i verda. Når USA går mot dette så tener det kampen mot Sovjet uansett kva motiv USA har for det. At vi og USA har felles standpunkt til nokre saker er fullstendig uinteressant i seg sjøl, på same måte som at det er uinteressant i seg sjøl at t.d. DNA har same standpunkt som nynazistane i synet på foreksempel innvandringsstoppen.

13. "DE BERRE PUKKAR PÅ SV - KVA ER VITSEN MED DET ? "

Vi skal slutte å pukke på SV når SV sluttar å gjere og meine dumme ting. Dumme ting som til dømes:

ARLIG RUSTET TIL
LASSEKAMP ER ...



... DEN SOM STOLER PÅ
REVISJONISTISKE
LEDERE

- å seie at Sovjet er antiimperialistisk og ikkje utgjør nokon trussel mot freden.
 - å seie at vi er reaksjonære når vi hevdar at Svalbard er norsk land
 - å omfavne DNA og kalle ei DNA-regjering for ei arbeiderregjering
 - å støtte Vietnam sin okkupasjon av Kampuchea
 - å la vere å støtte frigjeringskampen i Afghanistan.
 - å vera uvillige til å stille krav til Sovjet i fredsarbeidet.
- osv osv osv

Ueinigheitene er mange og store. Det gjer ikkje saka betre at dei kallar sin ofte reaksjonære politikk for ein sosialistisk politikk. Det gir oss berre dobbelt grunn til å pukke på dei, fordi dei gir eit falskt bilete av kva som er revolusjonert og av kva som er borgarleg og reaksjonert.

14. "DE STÅR FOR MYKJE SOM ER BRA, MEN DE ER DÅ UMOGLEGE Å SAMARBEIDE MED. DE BERRE SPLITTAR!"

Både ja og nei. Mange frontar som vi har vore med i har vorte splitta. Nokre gonger skuldast dette urimeleg og feilaktig politikk frå t.d. SV si side, andre gonger skuldast det at vi ikkje har villa inngått kompromiss sjølv om vi burde. Utan å seie at det aldri vil skje splittingsar i framtida så vil vi påstå at vi har lært. Vi har alltid vore for samarbeid på konkrete saker. No har vi og lært at vi må vera villige til å fire på einskilde spørsmål for at det skal vera mogleg å oppnå einskap. Vi har og mange gode dømer frå dei siste åra på at vi er for einskap og at vi reelt er for samarbeid - at vi absolutt er mogleg å samarbeide med.

15. "DE ER DÅ I MOT ALT ! ER DET INGENTING DE ER FOR ?"

Sjølsagt. Er ein mot ein ting er ein for det motsette. At vi ofte er lite flinke til å seie kva vi er for er ein feil av oss. Samstundes ser vi det som ei hovudoppgåve å avsløre dei manglane og feila vi ser i Norge og ellers i verda, og på det grunnlag reise kamp mot det gale og for noko betre. Det er forøvrig nok av dei partia som maler eit glansbilete av det samfunnet vi lever i.

Dersom vi sluttar å stille krav, kritisere osv, vil også samfunnet raskt kunna bli dårlegare. Menneskeheita utviklar seg m.a. fordi den kritiserar, prøver å forandre. Framsteg og forbetringar for folket blir skapt gjennom kamp.

16. "DE BERRE KREV OG KREV!"

Ikkje berre. Men vi krev mykje, det er sant. Og kva er gale med det? Ein ting er at det er vi sjølve, det arbeidande folket som uansett må betale for dei godene vi evt. oppnår. Like viktig, om ikkje endå viktigare er at det er 100% rettferdig å kreve dersom krava er rettferdige og kan føre til ei forbetring eller hindre ei forverring av kvardagen til folk. Med andre ord: vi må vurdere innhaldet i krava og ikkje på om ein krev.

Dessutan : dersom folk flest tidlegare eller i dag hadde sotte seg seg ned og sagt at "vi har det bra nok", så hadde vi aldri kome dit vi er i dag, og vi vil heller ikkje kome vidare.

17. "OG ALT HEMMELEGGHEITSKREMMERIET , KVA ER VITSEN MED DET?
DE BERRE STØYTER FOLK FRÅ DYKK !"

Vi er klar over at vi på kort sikt kunne ha utretta mykje meir og renska vekk ein del mistankar om oss utan den tryggleikspolitikken vi driv. Når vi likevel finn det naudsynt å ha tryggleikspolitikk (som å ikkje offentleggjere medlemstal, kven som er med, kor og når vi har møter etc.) skuldast det kort og godt at vi vil verne om medlemmane og organisasjonen mot borgarskapet. Det er eit faktum at borgerskapet driv overvåking av progressive (altså ikkje berre oss). I dag blir dette brukt m.a. til å hindre kommunistar i å få arbeid. I morgon kan det bli brukt til å oppspore kommunistar for å setje dei i fengsel, likvidere dei osv (i samband med eit evt. militærkupp, okkupasjon..)

Fra en demonstrasjon i februar 1971. Tre agenter fra Overvåkingspolitiet skjærer fjerdemann, som sitter inne i bilen og fotograferer demonstrantene.



- SIPO (sikkerheitspolitiet) driv med overvåking, likedan det militære etterretningsvesenet.
- vi er dumme dersom vi ikkje går ut frå at KGB og CIA også gjer det
- organisasjonar som Libertas og Nasjonalt Folkeparti driv registrering
- NAF svartelister progressive arbeidarar.

Alt dette kan dokumenterast. Anbefaer spesielt Oktoberheftet "Søkelys på SIPO, og Oktoberboka "Soldaten som ikkje ville teie".

I ein krisesituasjon er som regel kommunistane dei fyrste som vert tekne. Slik var det i 1940 (nazistane brukte SIPO sine arkiv), og slik er det rundt om i verda (Chile, Bolivia, Afghanistan, Etiopia) Vi har og tryggleikspolitikk inad i organisasjonen (medlemmane får ikkje vite navnet på alle i sentralstyret, dekknavn på sommarleirane osv). Slik kan ein ikkje seie noko som skadar organisasjonen dersom ein t.d. blir utsatt for press. Men vi vil på det sterkaste presisera : politikken vår er 100% åpen !!

**LAGE VANSKER, LIDE NEDERLAG, LAGE VANSKER
IGJEN OG LIDE NEDERLAG IGJEN... HELT FRAM TIL
UNDERGANGEN, - DET ER DEN LOGIKK IMPERIA-
LISTENE OG DE REAKSJONÆRE VERDEN OVER FØLGER
NÅR DE TAR SEG AV FOLKETS SAK, OG DE VIL ALDRI
SVIKTE DENNE LOGIKKEN.**

18. "RAUD UNGDOM: EIN GJENG HALVTOMSETE VOLDSROMANTIKARAR SOM BERRE TENKER POLITIKK!"

Feil. vi er vanleg ungdom med vanlege interesser. Det som skiljer oss frå mange andre er at vi vil bruke ein del av livet vårt til å kjempa mot urett og undertrykking. Det som einar oss er eit felles syn på det samfunnet vi lever i og felles mål for den kampen vi fører. Men Raud Ungdom må bli større for å bli betre og for å kunne utrette meir. Raud Ungdom treng alle som vil vera med å kjempe mot urett og undertrykking på eit revolusjonært grunnlag. Skal ikkje du bli med?

19. "DET ER SÅ MANGE UAVKLARTE SPØRSMÅL NÅR DET GJELD KORLEIS SOSIALISMEN SKAL BLI!"

Ja, heilt rett. ML-rørsle har mange uavklarte spørsmål når det gjeld dette. Kvifor ikkje bli med for å m.a. ta del i desse diskusjonane?

Spørsmålet om sosialismen er vanskeleg. Vi kan seie sikkert at vi må ha planøkonomi, at vi må undertrykke borgarskapet, at vi må slåss for demokrati og arbeiderkontroll av stat- og samfunnsliv, at det kommunistiske partiet må spele ei ledande rolle i oppbygginga av sosialismen og i utviklinga fram mot kommunismen. Men korleis vil dette bli i praksis? Blir det betre med ein gong? Vil det bli kontrarevolusjon? Sosialfacisme? Kva må til for å hindre slike ting? Korleis sikre ein stabil utvikling av økonomien? osv osv. Slike spørsmål er i stor grad uavklart både fordi vi ikkje veit kva situasjon Norge vil vera i når sosialismen blir innført, fordi vi ikkje har erfaringar å byggje på når det gjeld sosialisme i høgt utvikla industriland, og fordi kunnskapen vår om slike ting, kauskje spesielt kunnskapen vår om dei økonomiske lovene, er begrensa og ufullstendige.

Men la ikkje slike ting hindre deg i å slåss i dag!!! Kapitalismen er eit brennande hus - du spør vel ikkje kva som er utafør huset før du spring ut? Vi skal slåss for å finne betre svar, men i mellomtida må vi også slåss mot kapitalismen. Om ikkje vil vi i hvertfall ikkje finne riktige og konkrete svar. Uansett : dei "endelege" svara kan vi likevel ikkje finne før vi prøver å bygge sosialismen i praksis, og med utgangspunkt i den verkelegheita som då er.

20. "DET ER MEININGSSENSUR I RAUD UNGDOM - ALLE MÅ MEINE LIKT".

DISIPLIN ER NØDVENDIG



Feil. Ein hovedgrunn til at vi stort sett er såpass aktive som vi er er fordi det ikkje er meiningssensur. Vi ynskjer å slå hardest mogleg, og slå som ein knytta neve. Dette krev at alle ueinigheiter, motforstillingar osv kjem ope fram og blir diskutert. Til meir einig vi er og til betre vi forstår og stør ein ting, til betre vil vi klare å kjempe. Vi vil ikkje ha kadaverdisiplin, men ein bevisst disiplin - ein disiplin bygd på frivilligheit og overbevisning. Dersom vi ikkje blir einig må mindretalet bøyge seg. Diskusjonen kan fortsetje, men fleirtalet sitt syn gjeld utad. Det er dette vi meinar og kjempar for. Det er ikkje dermed sagt at vi alltid og overalt er nøgd med demokratiet i Raud Ungdom.

21. "DEMOKRATISK SENTRALISME - DET ER EG I MOT!"

Javel, men det bør du absolutt ikkje vera. Den demokratiske sentralismen er ein organisasjonsmodell som tek sikte på å utnytte kvart ein-skild medlem sine initiativ, skaparevne og erfaringar, og kombinere dette med einskap og størst mogleg slagkraft utad.

Eller som Mao sa det: "Målet vårt er å skape en politisk situasjon der vi har både sentralisme og demokrati, både disiplin og frihet, både enhet i viljen og personlig sinnsro og liv".

Dette er sjølvsagt vanskeleg i praksis, men vi må slåss for det. Vi driv ikkje politikk for oss sjølv - vi driv det for å styrte borgarskapet. Då må vi ha einskap og disiplin. Men vi må og ha demokrati for å oppnå det.

Det er og slik at det er denne organisasjonsforma som best sikrar dei vanlege medlemmane sine rettar og hindrar undergraving av demokratiet. Det blir korkje demokrati eller einskap og slagkraft av at ulike folk som har "sine" politiske kjepphestar på død og liv skal ha rett til å opprette fraksjonar eller gå ut offentleg. Det øydelegg einskapen - men det splintrar og opp medlemsdemokratiet. Og kva kan ein då vente å oppnå i kampen for sosialismen?

22. "DE KOMMUNISTAR ER SÅ KALDE OG HARDE, KVIFOR IKKJE BLI LITT MEIR MENNESKELEGE?"

Kva er det å vera menneskeleg? Er det berre å vera snill og god, kjekk og grei? Eller er det også å kunne vera forbanna, kompromisslaus, kald og hard?

Sjòlsagt. Det er faktisk slik at når vi slåss for å styrte eit system som tek livet av 80 000 menneske under 15 år kvar dag, så må vi vera harde fordi vi vil forandre på dette og skape eit menneskeleg samfunn. Konkret: kva er det å vera menneskeleg? Er det å vera snill og god, full av kompromiss og dyrke dei mjuke verdiane, eller er det å bli forbanna og kjempe hardt og oppofrande for eit betre samfunn? Vi stiller det slik fordi altfor mange som preiker om meir menneskelegheiy berre ynskjer å ha det behageleg, harmonisk og fredfullt rundt seg, og avskyr alt som har med kamp å gjere, også kamp for eit betre samfunn. Kort sagt : å vera menneskeleg i ordets rette forstand må vera å ha evna til å bli forbanna på uretten, til å følt med dei som blir trakka på, til å kritisere det som er feil, til å tørre å kjempe og nekte å underkaste seg. Dette seier vi sjøl om det også er slik at mange kommunistar med fordel kan bli meir menneskelege i den forstand at dei bør bli flinkare til å forstå ting, lytte til det andre har å seie, ta seg av og støtte folk som har problem osv.

23. "KVIFOR IKKJE GJE BLAFFEN OG DATSE PÅ EIT BRA LIV FOR SEG SJØLV?"


Du kan gjerne gi blaffen i uretten og gå inn i deg sjøl, men er det rett? Får du det nødvendigvis noko betre? Men viktigare: for fleirtalet av menneskeheita i dag, og for menneskeheita på sikt, er ikkje valet å kjempe eller ha eit behageleg liv, men mellom eit liv i fattigdom, utryggheit, åndeleg forsøpling og underkastelse eller opprør, revolusjon og sosialisme. Også for folk i Norge; dei fagorganiserte, ungdomen, kvinnene, samane m.fl. er valet å slåss eller få forverra kår, bli undertrykt, trakka på. Spørsmålet for deg, uansett om du har moglegheit til å velgje eller ikkje, må vera kven du skal støtte, kven du vil solidarisere deg med. Kort sagt: kva side vel du i den kampen som faktisk pågår? For å vera passiv er og eit val - du har då i praksis valgt å la undertrykkarane ture fram som det passar dei.

24. "ER DET NOKON VITS I Å VERA ORGANISERT?"

Sjølsgagt. For folk som ynskjer å utrette noko, bidra til å forandre verda osv, kan ikkje spørsmålet vera om ein skal organisera seg, men i kva organisasjon ein skal bli medlem av. Det å foreine dei som kan foreinast, det å stå i lag, det å samle kreftene for felles innsats, kort og godt : det å organisera seg er livsnødvendig dersom ein ynskjer å oppnå resultat.

Å slåss for å vinne ungdomen for sosialismen er ikkje ei oppgåve for einskildpersonar, men ei oppgåve for ei organisert sosialistisk rørsle. Det skulle vera nok å syne til det enkle faktum at få av oss, kanskje heller ikkje du, hadde meint det vi hadde meint i dag utan ei slik organisert rørsle.

Dei som i sin tur blir overtydd bør og bli med å ta ansvar for at arbeidet skal bli endå betre og meir effektivt. Meiningar og kunnskap forpliktar, eller bør gjera det.



FINN DIN Plass!

25. "EG JOBBAR I EIN FRONT. DET ER NOK FOR MEG".

Det er ikkje noko argument mot å bli medlem av Raud Ungdom. Vi står slike frontar som slåss mot urett og for forbetringar. Ungdom bør engasjere seg i slike organisasjonar, og våre medlemmar arbeider etter evne i dei. Men alle einskildsaker er og knytte i hop. Frå uretten i den tredje verda til skulebudsjetta i Norge. Frå naturøydeleggjingane til arbeidsløysa blant ungdom. Det er kapitalismen og imperialismen som er årsaka til uretten. Difor må ungdom også organisera seg i ein politisk organisasjon som kan trekke saman dei ulike trådane, prioritere viktig frå uviktig osv. Vi må heve blikket, - og sjå samanhengen! Det må også gjelde for deg.



Vi må heve blikket, se sammenhengen

Fagforeiningar og interesseorganisasjonar samlar folk med ulikt politisk syn. Målsetjingane deira er begrensa. Dei stiller ikkje spørsmål ved sjølve det økonomiske og politiske systemet. Ein revolusjonær organisasjon som Raud Ungdom slest for det arbeidande folket sine interesser, og har som mål å byggje eit klasselaust samfunn. Ein slik organisasjon samlar dei som vil gjera revolusjon, dei som vil nytta marxismen og erfaringane frå tidlegare revolusjonar og kampar i andre land. Ein revolusjonær organisasjon er til for å forandra verda. Dersom du er for det bør du også kunna bli med i Raud Ungdom.

26. "MÅ EG IKKJE FORSAKE JEVLA MYKJE OG BERRE DRIVE POLITIKK DERSOM EG BLIR MEDLEM?"

Det kjem an på deg sjølv. Vårt ynskje er at du skal jobbe etter evne - at du skal jobbe på den måten du er i stand til å jobbe. Det kan tyde alt frå å gå på møtene og jobbe med ein ting (Rute-80, studiefirkel, i ein front, styreverv...), til å jobbe 20 timar i døgnet. I Raud Ungdom tek vi omsyn til at folk er ulike og har ulik interesse og ulik arbeidskapasitet.

Raud Ungdom treng mange medlemmar. Det tyder også at vi treng både dei superaktive og dei som nøyer seg med å gå på møter og drive litt praktisk arbeid no og då. Men vi vil sjølsagt ikkje leggje skjul på at vi ynskjer at flest mogleg skal jobbe hardt og sjølloppofrande.



Rød Ungdoms politiske grunnlag er marxismen. Den ble utforma av Karl Marx og Friedrich Engels i forrige århundre. Marxismen er først og fremst videreutvikla av Lenin og Mao Zedong. Vi ønsker å bruke marxismen-leninismen som et redskap til å forstå verden og den norske samfunnsutviklinga.

Rød Ungdom er ungdomsorganisasjonen til Arbeidernes Kommunistparti (m-l). AKP(m-l) gir ut dagsavisen *Klassekampen* og deltar i valgalliansen *Rød Valgallianse*. Rød Ungdom gir ut ungdomsmagasinet *Rute 80*.

Rød Ungdom er organisert i lokallag på skoler, arbeidsplasser og tettsteder. I hvert fylke er det distriktorganisasjoner. Landsmøtet er ungdomsforbundets høyeste organ. Rød Ungdom samarbeider med andre ungdomsorganisasjoner gjennom *Landsrådet for Norske Ungdomsorganisasjoner, LANU*.

Kanskje, men vi trur du lurar deg sjøl med å bruke det som argument mot medlemskap.

For det fyrste: du blir aldri utlært. Heile tida blir det reist nye spørsmål som krev svar. Kvant svar avlar nye spørsmål. Du vil også kanskje bruke mange år på berre det å forstå grunntrekka i marxismen fullt ut.

For det andre: dersom du er einig i at kapitalismen og imperialismen må styrtast, er einig i vårt syn på Sovjet og USA, i hovudsak stør vår linje i fred-og forsvarspolitiske spørsmål og ellers stør vedtektene våre ; då veit du i hvertfall nok til å kunne bli medlem. Og då finst det heller ingen andre politiske alternativ for deg her i Norge.

For det tredje : skal UH, SU, AUF osv ha monopol på å drive politisk arbeid på foreksempel skulane? UH har mange medlemmar som på tross av at dei veit lite stør kapitalismen og arbeider for at Høgre skal få større oppslutning blant ungdom. Dersom revolusjonær ungdom skal tenke: "eg veit for lite til å gjera noko", så gir vi UH og andre borgarlege organisasjonar monopol på det politiske arbeidet blant ungdomen. Er det bra, sjølv om du utvilsomt fortsatt har mykje å lære?

For det fjerde: Raud Ungdom er til for m.a at revolusjonær ungdom skal lære politikk. Raud Ungdom skal vera ein fost-ringsorganisasjon der vi legg vekt på skulering m.a. fordi kunnskapen vår er begrensa, og fordi vi må vite mykje for å gjera ein bra jobb og gjere dei rette tinga. Kort og godt: du både kan og bør fortsetje å lære innafor Raud Ungdom - å vite for lite er ofte like mykje eit argument for medlemskap som mot. Så om du vil:

VELKOMMEN SOM MEDLEM !

Dikt

(fritt etter ????)

Den fyrste sa:
Eg har så dårleg tid.

Den andre sa :
Eg har arbeid og familie å ta meg av.

Den tredje sa:
Eg har så mange personlege problem.

Den fjerde sa:
Eg for min del kunne ha sagt alt dette og meir til, men eg veit kor viktig det er, difor blir eg med.

